Stad kommune



Planprogram
Høyringsutkast oktober 2026

Kommuneplanen sin arealdel 2029–2041

Innhald

1. Kort forklart 3
1.1 Kommuneplanen 3
1.2 Planprogrammet 4

2. Kvifor reviderer vi arealdelen? 5
2.1 Fire delar skal bli til ein 5
2.2 Ny samfunnsdel 5

3. Kva må vi ta omsyn til? 6
3.1 FN sine berekraftsmål 6
3.2 Nasjonale føringar 7
3.3 Regionale føringar 9
3.4 Lokale føringar 10

4. Kva skal vi prioritere? 13
4.1 Nærings- og reiselivsutvikling 14
4.2 Sentrums- og bustadutvikling 16
4.3 Samfunnstryggleik og beredskap 19
4.4 Infrastruktur og energi 20
4.5 Naturforvaltning 22
4.6 Kultur, kulturarv, frisluftsliv og idrett 24
4.7 Strandsone 25

5. Prosess, framdrift og medverknad 26
5.1 Organisering 26
5.2 Planprosess 27
5.3 Medverknad 30
5.4 Framdrift 33

6. Ressursar og økonomi 24

7. Utgreiing og metode 35
7.1 Kunnskapsgrunnlag 35
7.2 Konsekvensutgreiing 37
7.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) 38
7.4 Arealrekneskap 38
7.5 Naturrekneskap 38
7.6 Kommunedelplan for naturmangfald 39


1. Kort forklart

1.1 Kommuneplanen

Stad kommune skal i dei kommande åra revidere kommuneplanen sin arealdel, jf. Utviklingsplan 2024–2028 – kommunal planstrategi. Kommuneplanen sin arealdel skal leggje til rette for ei berekraftig utvikling ved å balansere behovet for bustader, næringsutvikling og infrastruktur mot omsynet til naturmangfald, jordvern, klima, kulturmiljø og samfunnstryggleik. Difor er arealplanlegging ei av dei viktigaste oppgåvene kommunen har. Kommuneplanen er ein plan for korleis vi skal utvikle kommunen dei neste 12 åra, og er sett saman av to delar:

Samfunnsdelen som viser kva retning kommunen ønskjer for Stad kommune som samfunn og organisasjon, med langsiktige mål, strategiar og prioriteringar. Gjennom fem satsingsområde peikar kommunestyret ut dei viktigaste prioriteringane for samfunnsutviklinga.

Arealdelen er den juridisk bindande delen av kommuneplanen og skal følgje opp samfunnsdelen gjennom konkrete prioriteringar for arealbruk. Planen viser hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, og fastset arealføremål, omsynssoner og føresegner som gir rammer for framtidig utbygging og arealbruk.



Figur 1: Kjelde: Tilpassa frå Veileder kommunal planstrategi, Kommunal- og distriktsdepartementet

«Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

...Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.»

(Plan og bygningslov, § 11-5.Kommuneplanens arealdel)

Viktige dokument som høyrer til kommuneplanen sin arealdel:

- **Plankartet** er eit juridisk bindande kart som viser kva areala i kommunen kan nyttast til, til dømes bustader, næring, vegar og grøntområde. Kartet kan òg vise omsynssoner, faresoner, område som er bandlagde og byggjegrense mot sjø.
- **Føresegnene** er juridisk bindande reglar som høyrer til arealformåla i plankartet. Dei kan mellom anna stille krav om reguleringsplan, byggjegrenser og høgde på bygningar. I den nye arealdelen skal føresegnene vere oversiktlege og skrivne i eit klart språk, slik at innbyggjarar og næringsliv lettare kan finne ut kva som er tillate på ein eigedom.
- **Planskildringa** forklarer føremålet med planen og gjer greie for innhaldet, vurderingane og konsekvensane. Den gir rettleiing om korleis planen skal forståast og praktiserast.
- **Konsekvensutgreiinga** vurderer kva verknader ny eller vesentleg endra arealbruk kan få for miljø og samfunn. Vurderingane gir grunnlag for å avgjere kva område som bør takast inn i planen. Det skal òg gjerast ei samla vurdering av konsekvensane av arealdelen.
- **Risiko- og sårbarheitsanalysen** vurderer om område som er aktuelle for utbygging, er eigna med tanke på risikobilete, til dømes flaum eller skred. Analysen kan føre til at eit område ikkje blir sett av til utbygging, eller at planen stiller krav om tiltak som reduserer risikoen.

1.2 Planprogrammet

Planprogrammet er første steg i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 4-1, og er ein plan for gjennomføring av planarbeidet. Planprogrammet er grunnlag for planarbeidet, og eit verktøy for å gjere planarbeidet føreseieleg og målretta.

Planprogrammet skal:

- klargjere føremålet med planarbeidet (kap. 2)
- fastsetje rammer og prioriteringar, med tema, satsingsområde og utviklingsstrategiar som er viktige for komande planperiode (kap. 3 og 4)
- avklare tema som skal utgreiast, kva alternativ som blir vurdert og behovet for utgreiingar (kap. 4 og 7)
- skissere planprosess med deltakarar, fristar, medverknad og framdrift (kap. 5)

Planprogrammet skal leggjast ut til offentleg høyring før det blir fastsett politisk.

2. Kvifor reviderer vi arealdelen?

Føremålet med revisjonen av kommuneplanen sin arealdel kan oppsummerast slik:

- Utarbeide ein felles arealdel med samla plankart, føresegner og planskildring for heile kommunen
- Følgje opp måla og arealstrategiane i samfunnsdelen gjennom juridisk bindande arealbruk
- Oppdatere arealbruk ut frå utviklingstrekk, erfaringar og endringar i overordna føringar

I kapitla nedanfor blir desse føremåla omtala nærare.

1.1 Fire delar skal bli til ein

I dag har Stad kommune fire separate arealdelar som er vedtatt i dei tidlegare kommunane i perioden frå 2002 til 2022:

- Kommuneplanen sin arealdel for Vågsøy 2002–2014
- Kommuneplanen sin arealdel for Eid (2015–2027)
- Kommuneplanen sin arealdel for Selje (2017–2029)
- Kommunedelplan for sjøareal for Stad (2022–2034)

Kvar av desse har eiga plankart, føresegner og planbeskrivingar med ulik oppbygging og detaljeringsgrad. For å sikre ei heilskapleg og føreseieleg arealforvaltning i Stad kommune, i tråd med nasjonale og regionale føringar, er det behov for ein samla arealdel med felles føresegner for heile kommunen.

Hovudprioriteringa i planarbeidet er i første omgang å revidere dei eksisterande arealdelane og samle dei i éin felles plan med eit konsistent detaljeringsnivå. Samstundes skal planen oppdaterast og tilpassast gjeldande lovverk og overordna føringar. Utover dette skal kommunen arbeide særskilt med dei prioriterte temaa som er skildra i kapittel 4.

1.2 Ny samfunnsdel

Stad kommune fekk ny samfunnsdel i 2026. Arealdelen omset måla og arealstrategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel til juridisk bindande arealbruk. Den er kommunen sitt langsiktige styringsverktøy for arealpolitikken og gi tydelege og føreseielege rammer for framtidig utvikling, reguleringsplanar, byggjesaker og kommunen si samla arealforvaltning.

Revisjonen skal byggje på oppdatert kunnskap, medverknad og nasjonale, regionale og lokale føringar, og balanserer omsynet til utvikling og verdiskaping med vern av natur-, landbruks- og kulturverdiar.

Vi skal leggje til rette for utbyggingsareal som svarar til behova i planperioden, med nødvendig fleksibilitet undervegs. Samstundes skal arealreservane avgrensast og forvaltast innanfor rammene for natur, klima og andre viktige samfunnsomsyn.

3. Kva må vi ta omsyn til?

1.1 FN sine berekraftsmål

Gjennom «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027» gir regjeringa tydelege føringar for at kommunane skal legge FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga.

FN sine berekraftsmål gjev ei overordna ramme for den strategiske utviklinga av Stad kommune. Dei tre berekrafts-dimensjonane; miljømessig, sosial og økonomisk berekraft, henger saman og påverkar kvarandre. Berekraftsmåla endrar måten kommunen arbeider på, og gjev ein større agenda – Stad kommune deltek i verdas felles innsats for å sikre sosial rettferd og god helse, og for å stanse tap av naturmangfald og klima-endringar.

Berekraftsmåla består av 17 mål og 169 delmål som skal gi ei felles global retning for land, næringsliv og sivil-samfunn. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine behov.



Figur 1: Berekraftsmodellen til Stockholm resilience centre er utgangspunktet for modellen nytta av Stad kommune i arbeidet. Kjelde: Azote for Stockholm Resilience Centre, Stockholm University CC BY-ND 3.0.
(The SDGs wedding cake - Stockholm Resilience Centre)

Kva betyr berekraft i arealbruken?

Økonomisk berekraft

Val av arealbruk og utbyggingsmønster kan få store konsekvensar for kommuneøkonomien. Nye bustad- og næringsområde kan utløyse behov for investeringar og varige driftskostnader til mellom anna veg, vatn og avløp, beredskap, transport og kommunale tenester. Ei arealutvikling som i større grad byggjer på eksisterande infrastruktur, kapasitet og korte avstandar, kan bidra til meir effektiv ressursbruk og lågare kostnader over tid.

Sosial berekraft

Korleis vi planlegg og lokaliserer bustader, tenester, møteplassar og aktivitetar, påverkar kvardagen til innbyggjarane. Gjennom universell utforming og gode, tilgjengelege løysingar kan arealdelen bidra til inkluderande lokalsamfunn, korte avstandar, trygge oppvekstmiljø og god tilgang til tenester, møteplassar, natur og friluftsliv for alle – uavhengig av alder og funksjonsevne.

Miljømessig berekraft

Gjennom arealdelen kan kommunen styre utbygging slik at tap av natur, jordbruksareal og karbonrike område blir redusert, og leggje til rette for meir arealeffektiv utvikling, mindre transportbehov og lågare klimagassutslepp.

1.2 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging er å finne i «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027». Regjeringa legg her vekt på at planlegginga skal fremje berekraftig utvikling. Kommunar som samfunnsutviklar, tenesteytarar og planstyresmakter er avgjerande for å lykkast med å realisere dette. Regjeringa baserer seg på fem overordna perspektiv i forventingsdokumentet; sosial, økologisk og økonomisk berekraft, samfunnstryggleik og beredskap, og samarbeid for å nå måla. Desse er kategorisert som følgande tema:

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstrykkleik og beredskap

Regjeringa har konkrete forventningar til planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling. Regjeringa ynskjer at overordna planlegging skal peike ut ei tydleg retning for samfunnsutviklinga, bidra til å nå berekraftsmåla, og samordne oppgåver og omsyn som er viktig for å få til dette. Det er ei forventning om at arbeidet med planstrategi blir prioritert for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgjevne forhold.

Vidare er det forventa at moglegheitene i plan- og bygningslova for å effektivisere og forenkle planlegginga blir tekne i bruk. Planprosessar skal vere inkluderande med god samordning mellom styresmakta. Det er også forventa at samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og at kommunane bør utarbeide ein arealrekneskap som ein del av eit slikt kunnskapsgrunnlag.

Ved revisjon av arealdelen i kommuneplanen bør kommunen vurdere om tidlegare vedteken arealbruk svarer til dei forventa behova i dag og i framtida. Det er då viktig at kommunen vurderer å ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareal som ikkje lenger er like aktuelle. Det er viktig at fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før det blir sett av nye utbyggingsområde.


I kvar av dei ovanfor nemnte perspektiv framhevar regjeringa sine prioriteringar samt konkrete forventingspunkt for korleis aktuelle utfordringar på området kan møtast gjennom samfunns-, areal- og økonomiplanlegging.

Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer brukast for å konkretisere nasjonalt viktige planleggingstema. Retningslinjene er tydelege på kva mål og verdiar som skal leggast til grunn for planlegginga og korleis ulike interesser og omsyn skal ivaretakast og avvegast.

- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
  Sentrale føringar: redusera klimagassutslepp, fornybar energi, bevara myr, vurdera tidlegare vedteken arealbruk, arealrekneskap.
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
  Sentrale føringar: minimera transportbehov, redusere tap av dyrka mark, utnytta eksisterande infrastruktur.
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
  Statlege føringar gjennom geografisk differensiering: strengast der utbyggingspresset er størst, sikra interesser i 100-metersbeltet med omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
  Sentrale føringar: Gode nærmiljø, samanhengande grønstruktur, trygg skuleveg.
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012)

Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024) peikar på tiltakshierakiet som eit grunnleggjande prinsipp for kommunal arealplanlegging. Ved gjennomføring av tiltak, skal man først og fremst unngå skadeverknader for miljø og klima. Der det ikkje er mogleg skal man avgrense skaden, deretter istandsette areal. Kompensasjon er siste utveg.



Figur 2:Tiltakshieraki, Kjelde: Miljødirektoratet (Tiltakshierarkiet: Unngå negative virkninger for miljøet - miljodirektoratet.no)

Stortingsmeldingar

Meldingar til Stortinget syner prioriterte politikkområde på nasjonalt nivå. Tema som har vore tatt opp dei siste åra er mellom anna: klima og miljø, samfunnstrykkleik og beredskap, folkehelse og sosial berekraft, aldersvennleg samfunn, fiskerinæring, distriktspolitikk, forsking og høgare utdanning, og kunst og kultur.

1.3 Regionale føringar


Vestland fylkeskommune peikar i sitt brev «Kommunal planstrategi – synspunkt frå VLFK til kommunane i Vestland» på at regionale planar skal leggast til grunn for kommunal planlegging.

- Utviklingsplan for Vestland 2024–2028
- Regional plan for klima 2022–2035
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033
- Regional plan for folkehelse - fleire gode levekår for alle - 2014-2026
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033
- Handelsføresegnene for Sogn og Fjordane – med retningslinjer
- Regional plan for fornybar energi 2023–2035
- Regional strategisk plan for kysten 2018–2029, Sogn og Fjordane
- Regional vassforvaltningsplan 2022–2027 for Vestland vassregion
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging Sogn og Fjordane
- Temaplan for landbruk 2023 – 2027
- Regional plan for areal og mobilitet (under arbeid)
- Regional plan for verdiskaping og kompetanse (under arbeid)

Utviklingsplanen tilhøyrande kunnskapsgrunnlag til Vestland fylkeskommunen peikar på 6 store samfunnsutfordringar:

- Regional, by- og bygdeutvikling
- Klima og energi
- Livskvalitet og like moglegheiter
- Naturmangfald og areal
- Verdiskaping og kompetanse
- Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.

Utviklingsplanen skal hjelpe kommunar å bygge på sitt eiga kunnskapsgrunnlag. Målet er ei felles forståing av utviklingsbehov, som vil kvile på at fylkeskommunen, kommunane og andre offentlege og private aktørar grip moglegheitene som ligg i samarbeid og samskaping i Vestland i åra framover.



Figur 3: Mål og strategiar i utviklingsplan Vestland.
Kjelde: Vestland fylkeskommune, 2024
Ti strategiar i Utviklingsplanen - Vestland fylkeskommune).

1.4 Lokale føringar

Stad kommune har dei siste åra revidert kommuneplanen sin samfunnsdel, og utarbeidd fleire kommunedelplanar, temaplanar og andre relevante styringsdokument. Desse gir eit viktig kunnskapsgrunnlag og uttrykkjer mål og prioriteringar som skal takast med i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Desse er å finne på Stad kommune sin heimeside.

Overordna planverk

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026–2038
- Utviklingsplan 2024–2028 – kommunal planstrategi
- Kommuneplanen sin arealdel – oversikt over gjeldande arealplanar

Temaplanar og kommunedelplanar

- Temaplan for klima 2025–2037
- Temaplan for kultur 2023–2035
- Kommunedelplan for oppvekst 2023–2035
- Lokal transportplan 2022–2034
- Kommunedelplanane for kulturarv i Eid og Selje
- Kommunedelplan for helse og omsorg 2023–2035
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024–2035



Fagplanar og handlingsplanar

- Plan for friluftslivet sine ferdselsårer
- Bustadpolitisk handlingsplan 2022–2030
- Strategi for innkjøp 2023–2026
- Temaplan for vassforsyning, avløp og overvatn 2023–2034
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2024–2028
- Leve heile livet – handlingsplan (PDF)
- Førebyggingsprogram for barn og unge 2026–2027

Andre lokale strategiar

- Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045
- Utviklingsstrategiar

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kort om samfunnsdelen

Kommunen står overfor fleire utviklingstrekk som vil påverke både lokalsamfunnet, tenestene og kommunen si rolle i åra framover. Demografiske endringar, klima- og naturutfordringar, strammare økonomiske rammer, endringar i nærings- og arbeidsliv og aukande forventningar til medverknad og tenestekvalitet stiller nye krav til kommunen si planlegging og prioritering. I møte med desse utviklingstrekka har kommuneplanen sin samfunnsdel ei sentral rolle som overordna og langsiktig styringsdokument for både politikarar og administrasjon. Den reviderte samfunnsdelen vart vedteken av Stad kommunestyre 18. juni 2026 i sak KS 26/072.

Stad kommune har valt ut fem satsingsområde med hovudmål og sentrale tema som viser kommunestyret sine prioriteringar for den vidare utviklinga av kommunen. Arealstrategiane er kopla til tre av desse satsingsområda og viser korleis dei overordna måla skal følgjast opp gjennom arealpolitikken:

1. Aldersvenlege og inkluderande samfunn

Stad skal vere ein kommune der det er godt å leve heile livet. Gode lokalsamfunn, trygge oppvekstvilkår, møteplassar og bustader tilpassa ulike behov står sentralt i dette. Når fleire blir eldre og færre er i yrkesaktiv alder, må kommunen leggje til rette for at innbyggjarane kan leve gode og sjølvstendige liv lengst mogleg.

Kva betyr satsingsområdet for arealplanlegging?

Arealplanlegginga skal leggje til rette for at alle innbyggjarar kan leve gode og aktive liv, uavhengig av alder, funksjonsevne og livssituasjon. Dette handlar om å skape samfunn der folk kan bu heime lengst mogleg, delta i fellesskapet og ha enkel tilgang til tenester, aktivitetar og møteplassar.

Bustader bør lokaliserast nær tenester, handel, aktivitetstilbod, møteplassar og kollektivtransport. Det må leggjast til rette for varierte bustadtypar, universell utforming og trygge gang- og sykkelsamband.

Tilgang til grøntområde, natur og møteplassar skal fremje aktivitet, fellesskap og folkehelse. Utvikling av eksisterande kommune- og lokalsenter bør prioriterast framfor spreidd utbygging, slik at fleire får korte avstandar og enkel tilgang til nødvendige funksjonar.

2. Livskraftige og trygge lokalsamfunn

Stad skal ha trygge og livskraftige lokalsamfunn som gir grunnlag for busetjing, verdiskaping og gode levekår. Eit variert næringsliv, aktivt landbruk, levande bygder, rett kompetanse og gode tilbod innan kultur, friluftsliv og idrett er viktige føresetnader. Kommunen skal samstundes bidra til robuste og trygge lokalsamfunn i møte med raske samfunnsendringar.

Kva betyr satsingsområdet for arealplanlegging?

Arealplanlegginga skal sikre eigna areal og infrastruktur for næringsliv, landbruk, reiseliv, kompetanse- og utdanningsmiljø. Jordvern, kulturlandskap og landbruksressursar må ivaretakast, samstundes som det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping og utvikling av attraktive bu- og arbeidsområde.

Det må sikrast tilgang til grøntområde, turstiar, idrettsanlegg, kulturarenaer og møteplassar, som skal styrkje folkehelse, trivsel og fellesskap. Kulturarven skal nyttast som ein ressurs for identitet, stad- og næringsutvikling.

Samfunnstryggleik og beredskap skal vere ein integrert del av arealplanlegginga. Utbygging i risikoutsette område bør unngåast, og kritisk infrastruktur og viktige beredskapsfunksjonar må sikrast.

3. Eit klima- og naturvenleg lokalsamfunn

Stad kommune skal redusere klimagassutslepp, ta vare på naturen og utvikle eit klimarobust samfunn. Klima- og naturutfordringar heng tett saman, og berekraftig utvikling krev heilskaplege avvegingar mellom utbygging og naturvern. Auka ekstremvêr stiller krav til betre klimatilpassing, særleg knytt til nedbør og flaum. Samtidig er energieffektivisering, fornybar energi og tilstrekkeleg kraft- og nettkapasitet avgjerande for grøn omstilling og framtidig næringsutvikling.

Kva betyr satsingsområdet for arealplanlegging?

Klima- og miljøomsyn er grunnleggjande premissar for arealplanlegginga. Areal-

planen må bidra til å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfald, jordressursar og økosystemtenester, og avgrense nedbygging og fragmentering av verdifulle naturområde.

Klimaendringar krev at arealplanleggingа tek omsyn til auka risiko for flaum, skred, havnivåstiging og overvatn. Utbyggingsområde må lokaliserast og utformast slik at dei er robuste mot framtidige klimaendringar, og naturbaserte løysingar bør nyttast der det er mogleg.

Arealplanleggingа skal støtte opp under omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Dette inneber tilrettelegging for energieffektiv arealbruk, redusert transportbehov og utvikling av infrastruktur for fornybar energi og elektrifisering, samstundes som omsynet til natur, landskap og lokalsamfunn blir ivareteke. Tilgang på kraft og nettkapasitet må vurderast i arealdisponeringa, då dette er ein føresetnad for grøn næringsutvikling og framtidig vekst.

Arealstrategiar

Arealstrategiane viser samanheng mellom ønska samfunnsutvikling og korleis fysiske areal skal brukast over tid. I Stad kommune har ein innrette arealstrategiane i to delar. Ein del for kommunen sin senterstruktur basert på eit overordna kart, og ein del for sjølve arealstrategiar.


Senterstrukturen er delt inn i to hovudnivå:

1. Kommune- og administrasjonssenter:
   Nordfjordeid

2. Lokalsenter:
   Hjelle, Haugen, Stårheim, Kjølsdalen, Bryggja, Selje, Leikanger, Flatraket

Denne inndelinga speglar i kva grad ulike stader har konsentrert arealbruk, besøksintensive verksemder og tilrettelegging for gåande og syklande. Sjølv om strukturen er delt inn i to nivå, er utvikling i heile kommunen viktig.

Dei enkelte arealstrategiane blir presenterte under dei prioriterte temaa der dei er mest relevante. Dette skal synleggjere samanhengen mellom dei strategiske føringane for framtidig arealbruk og avklaringane som skal gjerast gjennom arealdelen.



Figur 4: Senterstruktur i Stad kommune, eiga framstilling, 2026 (https://pub.framsikt.net/plan/stad/plan-4cbb2ad4-85ec-439b-8837-e7c61d735b66-106059/#/generic/summary/34d1b730-d4fb-4e65-9e64-0b350c3a82df)

4. Kva skal vi prioritere?

For å sikre tydeleg retning, rett ressursbruk og eit realistisk ambisjonsnivå er det nødvendig å avgrense revisjonen. Temaa i dette kapittelet er dei prioriterte temaa som kommunen skal arbeide særskilt med i revisjonen av arealdelen. Det er innanfor desse temaa kommunen skal gjennomføre nærare vurderingar og utgreiingar og vurdere endringar i plankart og føresegner. Fleire av dei prioriterte temaa må også sjåast som gjennomgåande omsyn i heile planarbeidet.

Under kvart tema er det skildra oppgåver og avklaringsbehov. Desse byggjer på vurderingane som kan gjerast før sjølve planarbeidet tek til, og skal vere eit utgangspunkt for den vidare prosessen. Planarbeidet er ein dynamisk prosess, og oppgåvene og avklaringsbehova kan derfor bli justerte dersom det kjem fram ny kunnskap eller nye problemstillingar undervegs.

Tema og problemstillingar som ikkje er prioriterte i dette kapittelet, blir som hovudregel ikkje tekne opp som eigne oppgåver i revisjonen. Samordninga av dei fire gjeldande arealdelane kan likevel gjere det nødvendig å justere også andre temaområde. Slike endringar skal avgrensast til det som er nødvendig for å etablere eit felles og einsarta plangrunnlag, med rett bruk av arealformål, eit føremålstenleg detaljnivå og felles føresegner for heile kommunen. Andre tema kan også bli vurderte dersom det er nødvendig for å oppfylle lovkrav og overordna føringar, eller dersom dei har ein direkte samanheng med ei prioritert oppgåve. Prioriteringa inneber dermed ei reell avgrensing av kva kommunen skal bruke tid og ressursar på i planarbeidet.





4.1 Nærings- og reiselivsutvikling

Stad kommune har eit variert næringsliv med sterke miljø innan elektro og automasjon, landbruk, fiskeri, havbruk, handel og reiseliv. Næringane gir arbeidsplassar, kompetanse og lokal verdiskaping, og fleire har potensial for vidare utvikling som følgje av digitalisering, automatisering og grøn omstilling. Nordfjordeid har ei viktig rolle som regionalt handelssenter og offentleg tenestyting, medan landbruket og havnæringane er sentrale for verdiskaping og busetjing i fleire delar av kommunen.

Rett verksemd på rett plass er eit viktig prinsipp for lokalisering av nye næringsområde. Etter ABC-prinsippet bør verksemder med mange tilsette eller besøkande liggje sentralt (A), verksemder med middels besøks- og arbeidsplassintensitet liggje i tettstaden (B), og arealkrevjande verksemder med færre tilsette og besøkande liggje nær hovudvegnettet (C). På Nordfjordeid skal A- og B-lokalitetar prioriterast slik at næringsutviklinga byggjer opp under sentrum og reduserer transportbehovet (jf. Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045).

Reiselivet er i vekst og byggjer på kommunen sine særlege natur- og kulturverdiar, mellom anna kystlandskapet, Selja kloster og den rike vikinghistoria på Nordfjordeid. Utviklinga skal gi langsiktig verdiskaping for lokalsamfunna og ta omsyn til natur, kulturmiljø og landbruksverdiar.

Revisjonen av arealdelen skal leggje til rette for framtidig næringsutvikling og berekraftig reiseliv gjennom føreseielege rammer.

Relevante arealstrategiar

«Sikre tilstrekkelege areal for utvikling av nye og eksisterande industri- og næringsverksemder i medhald av ABC-prinsippet.»
ABC-prinsippet (rett verksemd på rett plass) er ein areal- og transportstrategi som skal sikre at verksemder blir plassert der det er mest funksjonelt for å minimere transportbehovet.

«Legge til rette utvikling av hamne-område med tilhøyrande infrastruktur, der samfunnstryggleik, beredskap, miljø og logistikk er teke omsyn til.»
Kommunen skal vere med å sikre trygge farleier på sjø, og naudsynt areal for sjøtransport på land med gode hamner. Dette er viktig for samfunns- og nærings-utviklinga, og vil bidra i arbeidet med å ta ned klimagassutsleppa gjennom å flytte godstransport frå veg til sjø.

«Styrkje potensialet i havnæringane og tilhøyrande leveranseindustri.»
Havnæringane samt tilhøyrande leveranseindustri er ein viktig del av lokal, regional og nasjonal verdiskaping. Strategien inneber å fremje innovasjon, kompetanseheving, samarbeid og tilrettelegging for å sikre berekraft og skaper nye moglegheiter innan verdikjeda knytt til havet.

«Utvikle reiselivsnæringa gjennom heilskapleg besøksforvaltning som gir auka verdiskaping for lokalsamfunnet, samtidig som vi tek vare på natur-, kultur- og landbruksverdiar.»
Heilskapleg besøksforvaltning er ei samla og berekraftig tilnærming til planlegging og styring av besøk og turisme. Målet er å ta vare på natur, kultur og lokalsamfunn, samstundes som ein legg til rette for gode opplevingar for dei som kjem på besøk – både no og i framtida. Særleg skal utvalde kulturlandskap og kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse ivaretakast.»

«Sikre heilskapleg forvaltning av overskotsmassar frå infrastruktur-prosjekt i samarbeid med relevante forvaltningsnivå, med mål om mest mogleg gjenbruk av massane.»
Store bygge- og infrastrukturprosjekt kan gi store mengder overskotsmassar. Gjennom god planlegging og samarbeid mellom ulike aktørar og forvaltningsnivå kan massane i større grad nyttast som ein ressurs, til dømes i andre prosjekt eller til nyttige formål lokalt. Ei meir sirkulær handtering av massar kan redusere behovet for nye uttak, avgrense transport og bidra til lågare klimagassutslepp og mindre naturinngrep (jf. Kommunal og distriktsdepartementet sitt rettleiar om "Bærekraftig massehåndtering").

Kva skal vi jobbe med?

- vurdere framtidig behov for næringsareal og lokalisering av desse
- gjennomgå eksisterande næringsområde med omsyn til utnytting, utviding eller omdisponering av gråareal [1]
- vurdere arealbehov og planmessige grep for berekraftig reiseliv og besøksforvaltning, mellom anna knytt til parkering, servicefunksjonar, ferdselsårer og infrastruktur ved viktige besøksmål
- vurdere arealbehov knytt til sjøbaserte næringar, hamner og logistikk
- sikre viktig matjord – kjerneområde landbruk
- balansere nærings- og reiselivsutvikling mot omsyn til naturmangfald, jordvern, friluftsliv og kulturmiljø
- vurdere om planføresegnene gir tilstrekkeleg føreseielege rammer for etablering og vidareutvikling av næringsverksemd
- vurdere behovet for og lokaliseringa av areal for mottak, mellomlagring, gjenbruk og deponering av massar (ressursbank)

[1] Med grå arealer menes areal som i henhold til Kommunal- og distriktsdepartementets (2025) definisjon er «arealer som allerede er tatt i bruk, eller sterkt påvirket av menneskelig bygge- og anleggsaktivitet, herunder alle typer bebyggelse, konstruksjoner og permanent opparbeidet overflate samt tilhørende arealer».



4.2 Sentrums- og bustadutvikling

Nordfjordeid er kommunesenter og eit regionalt tyngdepunkt. Tettstaden er vertsskap for både fylkeskommunal og statleg tenesteyting og administrasjon, og regionale helsetenester som Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter. Eid vidaregåande skule og Fjordane folkehøgskule gjer Nordfjordeid til ein viktig utdanningsstad, medan Skatteetaten, politiet og NAV er samlokaliserte gjennom pilotprosjektet Statens hus i distrikta. Plasseringa ved E39 og riksveg 15 gir tilgang til ein stor arbeidsmarknad og styrkjer grunnlaget for næringslivet. Eit variert handels- og kulturliv, med mellom anna Opera Nordfjord, Malakoff, Sagastad og Norsk Fjordhestsenter, gjer Nordfjordeid til ein viktig møteplass for både fastbuande og tilreisande. I utkastet til regional plan for areal og mobilitet peikar Vestland fylkeskommune på at denne etablerte rolla gir eit godt grunnlag for vidare utvikling.

"Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045" gir retning for den vidare utviklinga. Strategien legg vekt på effektiv arealutnytting, sosiale fellesskap, grøn mobilitet, kultur og lokalt særpreg, natur og klimatilpassing og berekraftig næringsutvikling. Gjennom varierte bustader, inkluderande møteplassar, universelt utforma byrom og eit rikt kultur- og naturgrunnlag skal Nordfjordeid vere ein trygg, levande og attraktiv stad for alle.

Også lokalsentera har ei viktig rolle i utviklinga av Stad. Dei bind lokalsamfunna saman gjennom tenester, møteplassar og aktivitet og har ulike funksjonar som utfyller kvarandre. Selje og Leikanger har, med si geografiske plassering i den ytre delen av kommunen, ei særleg rolle i å sikre tilgang til viktige funksjonar og tenester for innbyggjarane i denne delen av Stad. Til saman gir lokalsentera grunnlag for lokal utvikling og bidreg til identitet og verdiskaping i heile kommunen.

Eit variert og tilgjengeleg bustadtilbod er ein viktig føresetnad for god samfunnsutvikling. Gode bustader og bumiljø fremjar helse, trivsel og livskvalitet, og må vere tilpassa ulike livsfasar, hushaldstypar og økonomiske føresetnader. I Stad kommune er det særleg behov for eit meir differensiert tilbod, mellom anna fleire mindre bueiningar for personar som bur åleine. Planlegginga bidra til fleire framtidsretta bustader med eit normalt prisnivå, også tilgjengelege for unge vaksne, eineforsørgjarar og vanskelegstilte. Dette er særleg viktig der prisnivået er høgt slik som i kommunesenter. Arealdelen skal følgje opp desse behova i tråd med *Bustadpolitisk handlingsplan 2022–2030* og *Kommunedelplan for helse og omsorg 2023–2035*.

Relevante arealstrategiar

«Utvikle senter med vekt på stadleg identitet, variert butilbod og aldersvenlege møteplassar, tenester og handel.»
Senter skal utviklast med utgangspunkt i staden sin eigenart og funksjon i det naturlege omlandet. Utbygging og tilbod skal leggje til rette for varierte bustader, møteplassar, handel og tenester som støttar ei berekraftig og aldersvenleg samfunnsutvikling.

«Leggje til rette for bustad-, fritids- og næringsutvikling i bygder og grender utanfor senterstrukturen, der dette styrkjer livskraftige lokalsamfunn og tek omsyn til naturmangfald, jordbruk, klima og eksisterande infrastruktur.»
Kommunen ønskjer å leggje til rette for utvikling i heile kommunen, basert på lokale føresetnader, behov og stadlege kvalitetar. Busetjing og næringsaktivitet i bygder og grender er viktig for å oppretthalde sosiale og kulturelle fellesskap, lokal identitet, sikre nærleik til natur og friluftsområde og berekraftig forvaltning av naturmangfald.

Utvikling utanfor senterstrukturen skal skje på ein måte som tek omsyn til naturmangfald, jordbruksareal, landskap, klima og samfunnstryggleik. Ny utbygging bør i størst mogleg grad ta utgangspunkt i eksisterande utbygging, og bidra til å styrkje etablerte bygdesamfunn framfor spreidd utbygging i urørte område.

«Redusere transportbehovet i senter gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, med vekt på gange, sykling og miljøvenlege transportløysingar, og ved å leggje til rette for møteplassar og tilbod for ulike aldersgrupper nær der dei bur.»
Målet med samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er å skape effektive, attraktive og miljøvenlege område der folk enkelt kan nå jobb, skule, butikkar og møteplassar og behovet for bil blir redusert. Gangveg skal prioriterast for å auke mobilitet til fots og på sykkel.

«Leggje til rette for konsentrert vekst og utbygging i senterområde gjennom fortetting og endring av arealbruk på allereie nedbygde område.»
Fortetting og transformasjon er viktige verkemiddel for å nytte areala meir effektivt og berekraftig. Ved å utvikle eksisterande bygde område og omforme allereie utbygde areal, samt å byggje i meir enn éin etasje, kan ein redusere nedbygging av natur- og jordbruksareal, avgrense transportbehov og styrkje grunnlaget for kollektivtransport, gange og sykkel. Samstundes bidreg fortetting til levande lokalsamfunn med betre tilgang til tenester, møteplassar og arbeidsplassar. Før ein tek i bruk nye utbyggingsområde må eksisterande areal vere vurderte.

«Vidareutvikle Nordfjordeid sin identitet ved å styrkje eit kompakt sentrum med korte avstandar og høg kvalitet, med vekt på sentrumsliv, kulturarv, tenester, handel og bustader.»
Utviklinga av Nordfjordeid skal byggje på effektiv arealutnytting, sosiale fellesskap, grøn mobilitet, kultur og lokalt særpreg, natur og klimatilpassing og berekraftig næringsutvikling. Gjennom varierte bustader, inkluderande møteplassar, universelt utforma byrom og eit rikt kultur- og naturgrunnlag skal Nordfjordeid vere ein trygg, levande og attraktiv stad for alle. Dette er også tatt opp i "Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045".

«Sikre arealeffektiv utvikling av offentlege og private tenester som møter framtidige behov i samfunnet, også for regionale og nasjonale aktørar.»
Å tenkje langsiktig og strategisk er avgjerande for utvikling av tenester. Samlokalisering av tenester, effektiv bruk av areal og infrastruktur, og ombruk av eksisterande bygg bidreg til heilskaplege og berekraftige løysingar.

Kva skal vi jobbe med?

- vurdere om sentrumsavgrensingane er føremålstenlege, og om det er behov for omsynssoner for områdeutviklingsstrategiar
- sikre areal for gang- og sykkelvegar, samt samanhengande blågrøne strukturar
- vurdere samanhengen mellom senterutvikling, veg- og trafikkløysingar, mobilitet og parkering, med særleg vekt på Nordfjordeid
- avklare behov for endringar i arealformål og føresegner i sentera
- styrke arkitektonisk kvalitet
- gjennomgå bustadreservane og tomter og vurdere behovet for nye bustadområde ut frå folketalsutvikling, bustadbehov og utbyggingspotensial
- vurdere lokalisering og kvalitet av nye bustadområde, med vekt på samanhengen mellom bustader, tenester, transport og teknisk infrastruktur
- sikre moglegheiter for bustadutvikling i bygder og grender gjennom LNF-spreidd, justere plankartet der kart og terreng ikkje stemmer overeins, og vurdere føresegner for tiltak på eksisterande bygg i LNF-område
- vurdere bustadsosiale føresegner





4.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Stad er ein geografisk variert kommune med kystområde, fjordar, bratte fjellsider, vassdrag og store naturområde. Dette gir ulike utfordringar knytt til mellom anna skred, flaum, overvatn, stormflod og havnivåstiging. Klimaendringane kan forsterke fleire av desse utfordringane og skape nye risikobilete.

Krav om naturfarekartlegging kan medføre store kostnader for private tiltakshavarar og påverke moglegheitene for bustad- og næringsutvikling. Gjennom arealdelen skal kommunen styre utbygging mot trygge område og sikre at framtidig arealbruk reduserer risikoen for liv, helse, miljø og materielle verdiar.

Arealdelen skal òg styrkje beredskapen gjennom trygg lokalisering av viktige samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur. Med utgangspunkt i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse skal planarbeidet vurdere arealbehov for beredskapstiltak og korleis arealbruken kan redusere sårbarheita ved alvorlege hendingar, kriser og krig.

Relevante arealstrategiar

«Sikre at utbyggingsområde og kritisk infrastruktur blir lokalisert og utvikla med omsyn til klimaendringar, samfunnstryggleik og beredskap.»
Dette inneber å planleggje plassering og utforming av bygg, utbyggingsområde og kritisk infrastruktur slik at risiko for klima- og ekstremvêrhendingar (flaum, skred, sterk vind og stigande havnivå) blir redusert. Mellom anna skal trygg og tilstrekkeleg drikkevassforsyning leggjast til grunn som eit føresetnad for folkehelse, samfunnstryggleik og berekraftig utvikling. Arealbruken skal gi klare føringar for vern av drikkevasskjelder og tilhøyrande nedslagsfelt. Risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS), basert på oppdatert kunnskap, skal nyttast aktivt i plan- og byggjesaksbehandling for å sikre robuste og trygge utbyggingsområde.

Kva skal vi jobbe med?

- vurdere kvar det er særleg behov for å kartleggje og avklare naturfare og klimarisiko i utvalde område
- sikre at ny utbygging og kritisk infrastruktur blir lokaliserte og utforma på ein trygg og robust måte
- vurdere behov for areal, omsynssoner og føresegner som tek vare på beredskapsomsyn og kritiske samfunnsfunksjonar
- vurdere risiko for bustader og institusjonar nær lovlege militære mål eller verksemder, hamner og industriområde med potensial for alvorlege ulukker



4.4 Infrastruktur og energi

Tilstrekkeleg kapasitet innan vatn, avløp, overvatn, veg, kraftforsyning og annan teknisk infrastruktur er ein føresetnad for bustad- og næringsutvikling og gode offentlege tenester. Sjølv om Vestland er eit stort kraftfylke, er kapasiteten i straumnettet pressa. For Stad kommune kan avgrensa nettkapasitet hindre nyetableringar, utvidingar, elektrifisering og grøn omstilling.

Gjennom arealdelen skal kommunen sjå framtidig arealbruk, infrastrukturbehov og planlagde investeringar i samanheng. Ny utbygging bør styrast mot område med tilstrekkeleg kapasitet, eller der nødvendig infrastruktur kan etablerast på ein berekraftig og kostnadseffektiv måte. Planarbeidet skal også avklare framtidige kapasitets- og arealbehov.

Relevante arealstrategiar

«Legge til rette for produksjon av fornybar energi, samstundes som vi sikrar god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn.»
Kommunen skal leggje til rette for auka produksjon av fornybar energi, og samtidig sikre at dette skjer på ein måte som tek omsyn til natur, kultur og lokalsamfunn. Planlegginga skal balansere behovet for fornybar energi med omsynet til viktige regionale og nasjonale ressursar, som landbruks-, kultur-, fiskeri-, natur- og friluftsområde.

«Samordne arealplanlegging med planlegging av vassforsyning og avløp, inkludert overvasshandtering.»
God samanheng mellom arealbruk og VA-planlegging bidreg til trygg drikkevassforsyning, tilstrekkeleg avløpskapasitet og redusert risiko for flaum og forureining, særleg i møte med klimaendringar og meir ekstremnedbør. Tidleg samordning gir meir kostnadseffektive løysingar og hindrar at nye utbyggingsområde blir planlagde utan naudsynt infrastruktur.

«Strebe etter bruk av naturbaserte løysingar som klimatilpassing.»
Naturbaserte løysingar handlar om å nytte naturen sine eigne prosessar som ein del av løysinga for klimatilpassing. Naturbaserte løysingar kan integrere vassystem og lokale overvasstiltak i den overordna grønstrukturen, til dømes ved å handtere vatn gjennom permeable flater, bevare og restaurere kantvegetasjon mot vassdrag som flaumsikring og bruke vegetasjon til å redusere erosjon. Slike løysingar kan redusere behovet for tung teknisk infrastruktur og skape verdiar både for menneske og biologisk mangfald. Naturbaserte løysingar er også ofte meir kostnadseffektive og langsiktige enn mange tekniske alternativ.

Kva skal vi jobbe med?

- samordne lokalisering av bustader, næringsareal og tenester med kapasitet og planlagde investeringar i transport- og teknisk infrastruktur
- integrere klimatilpassing i arealplanen og leggje til rette for naturbaserte løysingar for overvatn, flaum og andre klimautfordringar
- synleggjere følgjeinvesteringar og konsekvensar for kommunale tenester, og vurdere samfunnsnytten av nye utbyggingsområde opp mot dei samla kostnadene
- vurdere kapasitet og framtidige behov knytte til vatn, avløp, overvatn og kraft- og nettkapasitet i samanheng med framtidig arealutvikling
- leggje til rette for ei arealutvikling som gir effektiv bruk av eksisterande infrastruktur og kommunale ressursar
- vurdere arealbehov og lokalisering knytt til energiinfrastruktur og framtidig kraft- og nettkapasitet
- vurdere/leggje til rette for lokal energiproduksjon på grå areal
- vurdere interessekonfliktar mellom energiutbygging og natur- og landskapsverdiar
- vurdere å legge til rette for auka utnytting av Fjordvarmenettet på Nordfjordeid





4.5 Naturforvaltning

Klima og natur skal vere grunnleggjande omsyn i arealplanlegginga. Stad kommune har store naturverdiar og fleire verneområde som er viktige for naturmangfald, friluftsliv, landbruk og reiseliv. Samstundes kan behovet for nye bustader, næringsareal og infrastruktur føre til auka press på natur- og jordressursane. Gjennom arealdelen skal kommunen redusere naturtap, ta vare på verdifulle naturtypar og økosystem og sikre ei langsiktig og berekraftig arealforvaltning.

Relevante arealstrategiar

«Minimere tap av natur og jordbruksareal ved å prioritere bruk av allereie nedbygde areal og avgrense ny utbygging på jordbruks- og utmarksområde.»
Ny utbygging skal i størst mogleg grad skje gjennom transformasjon og fortetting av grå areal, som tidlegare bygningsareal, industri- og parkeringsområde. Samtidig skal vi vurdere langsiktige grenser mot jordbruks- og utmarksområde for å minimere tap av natur- og matjord, sikre biologisk mangfald og bidra til eit klima- og miljøvenleg samfunn. jf. tiltakshierakiet (Unngå – Begrense – Istandsette – Kompensere). Der det er mogeleg, skal vi òg stimulere til nydyrking og overflatedyrking.

«Arealplanlegginga skal ta tilstrekkeleg omsyn til naturverdiane i kommunen, og den samla belastninga på naturen skal vurderast i all arealbruk, også ved enkelttiltak, for å hindre bit-for-bit-nedbygging av natur.»
Kommunen må ha tilstrekkeleg kunnskap om naturen før vi kan fatte vedtak som påverkar natur. Både naturmangfald, økosystem, landskap, klima og miljøverdiar må vurderast. Dette omfattar både kunnskapsgrunnlag, vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og bruk av plan og bygningslovas verkemidlar. Natur forsvinn gjennom mange små inngrep som kvar for seg verker ubetydelege, men som samla gir stort naturtap. Samla verknader av både eksisterande og planlagd arealbruk skal derfor vurderast.

«Legge til rette for berekraftig verdiskaping og utvikling av naturvenlege næringar i tilknyting til friluftsressursar, hav, jord- og skogbruk i randsonene til verneområda.»
Kommunen har store naturressursar knytt til friluftsliv, hav, jord- og skogbruk. Desse ressursane kan danne grunnlag for berekraftig verdiskaping og utvikling av naturbaserte næringar, samstundes som naturmangfald og landskapsverdiar blir tekne vare på. I randsonene til verneområda ligg det moglegheiter for næringsutvikling basert på natur- og friluftsressursar, til dømes innan naturbasert reiseliv, lokal matproduksjon og opplevingsnæringar. Arealplanlegginga skal bidra til god balanse mellom bruk og vern, i tråd med nasjonale forventningar om berekraftig forvaltning av naturressursar.

Kva skal vi jobbe med?

- vurdere konfliktar og samla belastning på naturen ved eksisterande og framtidig arealbruk, i tråd med tiltakshierarkiet
- ta vare på viktige, sårbare og karbonrike naturområde, verneområde og inngrepsfrie naturområde
- sikre omsynet til natur i pressområda
- sikre omsynet til landskapsøkologiske samanhengar og sikre samanhengande blågrøn infrastruktur
- vurdere klimagassutslepp og opptak som følgje av arealbruksendringar
- identifisere og sikre viktige geomorfologiske verdiar og naturminne
- identifisere naturområde som er viktige for klimatilpassing, flaumdemping og andre økosystemtenester
- gjennomgå ubygde utbyggingsareal og vurdere om areal som ikkje lenger er aktuelle, eller som er i konflikt med viktige natur-, landbruks-, kulturmiljø- eller landskapsverdiar, skal førast tilbake til LNF-formål





4.6 Kultur, kulturarv, friluftsliv og idrett

Stad kommune har ein rik kulturarv, med spor etter menneskeleg aktivitet frå steinalderen og fram til i dag. Selja kloster, Vestkapp, vikinghistoria og dei historiske kulturmiljøa på Nordfjordeid, kyst- og landbrukskulturen og det særprega kulturlandskapet er viktige delar av kommunen sin identitet. Ringverknader av Stad skipstunnel vil kunne bidra til å styrkje og vidareutvikle desse kvalitetane. Kulturarven og landskapet er også ressursar for stadutvikling, opplevingar og kulturbaserte næringar.

Kommunen har samtidig store verdiar knytte til friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet. Gjennom arealdelen skal kommunen ta vare på viktige kulturmiljø, historiske landskap, ferdselsårer og friluftsområde, og sikre areal og gode rammer for idrett, aktivitet og kulturliv. Planen skal leggje til rette for gode oppvekstmiljø og gjere natur, friluftsliv og aktivitetstilbod tilgjengelege for flest mogleg.

Relevante arealstrategiar

«Legge til rette for grøn infrastruktur, inkludert nærmiljøanlegg i og rundt bustadområda, og sikre tilgang til natur og friluftsområde for alle innbyggjarar.» Kommunen skal leggje til rette for grøn infrastruktur og attraktive og lett tilgjengeleg friluftslivområde i nærmiljøa. Arealplanlegginga skal sikre langsiktig tilgang til natur, friluftsliv og rekreasjon for alle innbyggjarar, og balansere omsynet til bustad, næring, transport, klima og natur. Tilrettelegging skal gjerast på ein naturvenleg måte (jf. Miljødirektoratet sine prinsippa for naturvenleg tilrettelegging for friluftsliv). Samstundes skal større turområde med liten eller ingen tilrettelegging sikrast, og inngrep i slike område skal berre gjerast etter heilskaplege vurderingar.»

Kva skal vi jobbe med?

- sikre viktige friluftsområde, inkludert større turområde som skal ha liten eller ingen tilrettelegging og vurdere kvar friluftsområde som treng større grad av tilrettelegging
- sikre føresegner som legg til rette for tilgang til friluftsområde.
- sikre samanhengande grøntstruktur og turdrag
- avklare arealbehov og vurdere samlokalisering for idretts- og aktivitetsområde mellom anna på Nordfjordeid
- sikre samanhengen mellom landskap, kulturminne og framtidig arealbruk i KULA-registeret område og i det utvalde kulturlandskap (UKL) Stadlandet
- gjennomgå korleis kulturminne og kulturmiljø er ivaretekne i gjeldande arealdel og vurdere behov for oppdaterte omsynssoner, føresegner og føringar for nye tiltak

4.7 Strandsone

Strandsona er ein viktig ressurs for kommunen, både som leveområde for naturmangfald, område for friluftsliv, grunnlag for næringar og som ein del av landskaps- og kulturarven. Arealdelen skal bidra til ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av strandsona, der omsynet til allmenn tilgang, naturverdiar, landskap og klima blir balansert mot behovet for utvikling.

Relevante arealstrategiar

«Forvalte areal i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag gjennom heilskaplege og langsiktige vurderingar som balanserer bruk, vern og lokal utvikling.»
Forvaltninga av strandsona og areal i og langs vassdrag skal skje i tråd med plan- og bygningslova, statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og regionale føringar, mellom anna Strandsonerettleiar Vestland fylke. Kommunen skal leggje vekt på heilskaplege vurderingar som tek omsyn til naturmangfald, landskap, friluftsliv, kulturmiljø, vassmiljø, samfunnstryggleik og allmenn tilgang til sjø og vassdrag.

Stad kommune ligg utanfor dei mest utbyggingspressa strandsonene i landet. I tråd med dei statlege retningslinjene om geografisk differensiert strandsoneforvaltning skal kommunen føre ein kunnskapsbasert og lokalt tilpassa arealpolitikk, der omsynet til berekraftig busetnad, næringsutvikling og levande bygder vert balansert mot vern av viktige natur- og friluftsverdiar.

I spreiddbygde område kan det vurderast tilpassa bustad- og næringsutvikling der dette er i samsvar med overordna føringar og lokale forhold. Utbygging skal lokaliserast og utformast slik at samanhengande strandsone, landskapskvalitetar, biologisk mangfald, vassmiljø og viktige ferdsels- og friluftsområde vert tekne vare på. Samla belastning, eksisterande arealbruk og tilgang for allmenta skal vurderast i planlegginga.

Kommunen vil prioritere planbaserte løysingar framfor dispensasjonar, og leggje til rette for ei langsiktig forvaltning som tek vare på kvalitetane i fjord- og kystlandskapet samstundes som det vert opna for berekraftig lokal utvikling.

Kva skal vi jobbe med?

- gjennomgå arealbruken og utviklingspotensialet i strandsona og vurdere om arealformåla er føremålstenlege, sett opp mot natur-, landbruks- landskaps- og kulturmiljøverdiar
- avklare korleis kommunen skal praktisere differensiert forvaltning av strandsona
- sikre viktige område for friluftsliv, landskap og naturmangfald
- vurdere behov for areal til sjørelatert næring, naust, småbåtanlegg og andre sjøtilknytte aktivitetar
- sikre allmenn tilgang til sjøen og samanhengande ferdselsmoglegheiter langs kysten
- vurdere og innarbeide byggjegrenser mot sjø og behov for oppdaterte føresegner

5. Prosess, framdrift og medverknad

5.1 Organisering

Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel er eit omfattande og tverrfagleg arbeid som krev god organisering, tydelege ansvarsforhold og ein strukturert planprosess. Formålet med prosjektorganiseringa er å sikre framdrift, kvalitet i arbeidet og nødvendig koordinering mellom fagområde, administrasjon og politisk nivå.


Ansvar, roller og mynde

Stad kommunestyre er prosjekteigar og fattar vedtak om arealdelen og dei lovpålagde høyringane i planprosessen (pbl §11-13 og §11-14). Planutvalet er politisk arbeidsgruppe og bidreg til drøftingar, medverknad og forankring i kommunestyret og dei politiske partigruppene.

Administrasjonen har ansvar for å utarbeide det faglege grunnlaget og gjennomføre planprosessen innanfor dei vedtekne rammene. Arbeidet blir samordna av ein prosjektleiar og forankra i den administrative leiinga.

Det faglege arbeidet er organisert i tre faggrupper: Areal og plan, Samfunn og miljø og Medverknad. Organiseringa tek høgde for kompleksiteten i planarbeidet og behovet for samarbeid på tvers av fag og perspektiv. Dei tre fagområda er sidestilte for å sikre at samfunnsmessige og strategiske vurderingar og medverknad inngår som integrerte delar av arbeidet, saman med dei areal- og planfaglege vurderingane.

Faggruppene samarbeider om kunnskapsgrunnlaget, vurderingane og utarbeidinga av plandokumenta. Nærare administrativ rolle- og ansvarsfordeling er avklart i prosjektplanen.



Figur 5: Organisering, eiga framstilling

5.2 Planprosess

Den overordna arbeidsprosessen for arealdelen støttar opp under dei krav som er fastsett i plan- og bygningslova (pbl.) § 11-12 til § 11-15:

- Pbl. § 11-12:
  Oppstart av arbeid med kommuneplan
- Pbl. § 11-13:
  Utarbeiding av planprogram
- Pbl. § 11-14: Høyring av planforslag
- Pbl. § 11-15: Vedtak av kommuneplan

Fase 1: Utarbeide planprogram

Avklare rammer, plantema, utgreiingsbehov, medverknad og organisering av planarbeidet. Planprogrammet blir utarbeidd og deretter lagt ut til høyring og offentleg ettersyn før politisk handsaming av endeleg vedtak.

Fase 2: Utarbeide planforslag

Fase 2 er den mest omfattande delen av planarbeidet. Arbeidet med å utvikle planforslaget blir organisert i tre arbeidspakkar som byggjer på kvarandre. Temaa og oppgåvene i kapittel 4 vil bli behandla i fleire av arbeidspakkane i fase 2. Kva som skal vurderast, og kor detaljert vurderinga skal vere, vil variere mellom dei ulike delane av prosessen.

Arbeidspakke 1: Etablere felles plangrunnlag

Planvask av eldre reguleringsplanar
Planvask er ein systematisk gjennomgang av arealplanar der det vert vurdert om planen framleis er relevant, eller om han bør endrast, opphevast eller erstattast. Mange av reguleringsplanane i Stad er gamle. Ein gjennomgang skal gi kommunen eit meir oppdatert og oversiktleg planverk, og på sikt leggje til rette for forenkla og meir effektiv byggjesakshandsaming.

Arbeidet er i gang som ein del av kunnskapsgrunnlaget for den nye arealdelen. Kommunen vurderer planane i lys av oppdatert kunnskap, særleg om naturverdiar, og nye lokale, regionale og nasjonale føringar for arealbruk. Målet er at planverket skal gi eit godt grunnlag for framtidig bygging og utvikling.

Det er varsla oppstart av planvask for 53 reguleringsplanar frå tidlegare Selje kommune og den delen av Vågsøy kommune som no høyrer til Stad, og for 91 reguleringsplanar frå tidlegare Eid kommune.

Samordning og opprydding
Dei fire arealplanane som gjeld i Stad i dag, er utarbeidde på ulike tidspunkt, etter ulike føresetnader og med ulik detaljeringsgrad. I arbeidet med ny arealdel skal vi samordne dei til eitt plankart med felles og tydelege føresegner for heile kommunen.

I tillegg til planvasken av reguleringsplanane skal vi gå gjennom areala som er sette av til utbygging i dei gjeldande arealdelane. Vi skal vurdere om areala framleis trengst og er eigna for utbygging, eller om dei bør få eit anna arealformål i den nye planen. Dette er i tråd med dei nye statlege planretningslinene for klima og energi og for arealbruk og mobilitet, som gjev tydelege føringar om at arealplanleggingа skal bidra til å redusere tap av natur og klimagassutslepp, samt at nedbygging av mellom anna landbruksareal og karbonrike areal så langt som mogleg skal unngåast. Vi skal òg fastsetje byggjegrense mot sjø der det manglar, og gå gjennom plankartet der arealformåla ikkje samsvarar med dagens bruk. For eksisterande bygningar i LNF-område skal vi vurdere behovet for føresegner som avklarar kva tiltak som kan gjerast.

Arbeidspakke 2: Avklare strategisk retning og kunnskapsgrunnlag

Strategiske vurderingar

På det strategiske nivået blir utviklingstrekk, arealbehov og overordna planutfordringar vurderte for heile kommunen. Arbeidet tek utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel samt arealstrategiar, og prioriteringane frå kapittel 4. Gjennom strategiske vurderingar blir det avklart korleis arealstrategiane skal følgjast opp i arealdelen.

Oppdatering av kunnskapsgrunnlag og tematiske vurderingar

Kunnskapsgrunnlaget skal oppdaterast og dei sentrale plantemaa analyserast på tvers av kommunen. Vurderingane skal gi oversikt over viktige utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter som påverkar arealbruken, og synleggjere eventuelle målkonfliktar mellom ulike interesser. Vurderingane dannar grunnlag for prioritering av arealinnspel og vurdering av konkrete område.

Innsamling av arealinnspel

Kommunen fastset først vurderingskriterium for arealinnspel basert på identifiserte planutfordringar og overordna arealstrategiar. Kriteria skal sikre ei heilskapleg vurdering av behov, samfunnsnytte, lokalisering og konsekvensar for miljø og samfunn. Deretter blir det opna for innspel frå innbyggjarar, grunneigarar, næringsliv, lag og organisasjonar og offentlege aktørar. Innspela blir vurderte samla og prioritert ut frå dei fastsette kriteria.


Arbeidspakke 3: Prioritere areal og oppdatere planforslag

Denne fasen omfattar alle dei konkrete vurderingane. Med utgangspunkt i planvasken, dei strategiske vurderingane og det tematiske kunnskapsgrunnlaget blir konkrete område og arealinnspel vurderte. Arbeidet omfattar grovsiling av innspel, konsekvensutgreiing, risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og ei samla arealvurdering.

Målet er å prioritere dei arealendringane som best støttar opp under kommunen sine mål og arealstrategiar, samtidig som viktige samfunns- og miljøomsyn blir ivaretekne. Resultatet av vurderingane dannar grunnlaget for utarbeiding av plankart, føresegner og det endelege planforslaget.

Grovsiling av innspel og vurderingar

Etter at kommunen har henta inn arealinnspel, skal innspela gjennom ei første grovsiling før dei eventuelt blir tekne vidare til meir detaljerte vurderingar og konsekvensutgreiing. Føremålet med grovsilinga er å identifisere kva innspel som har ein tydeleg relevans for kommunen si ønskte utvikling, og tidleg sortere ut forslag som openbert ikkje er i tråd med overordna mål, arealstrategiar eller andre viktige omsyn.



Figur 6: Siling av innspel. Kjelde: Enkel planlegging, Distriktssenteret 2026 (Utarbeide planforslag | Distriktssenteret).

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse av aktuelle arealinnspel

Aktuelle arealinnspel blir vurderte nærare gjennom konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse. Vurderingane skal synleggjere verknader, konfliktar og risiko knytt til foreslåtte arealendringar, og gi grunnlag for å avgjere kva område som skal innarbeidast, justerast eller takast ut av arealdelen.

Samla arealvurdering

Dei samla verknadane av foreslått endringar av arealbruken blir vurdert. Det inneber at vi skal sjå alle endringane i samanheng, slik at vi får fram eit bilete av kva summen av arealbruksendringane betyr for miljø og samfunn.

Oppdatere plankart, føresegner og planskildring

Når dei overordna vurderingane og prioriteringane er gjorde, skal resultatet omsetjast til eit juridisk bindande plankart med tilhøyrande føresegner. Plankartet skal vise framtidig arealbruk og omsynssoner, medan føresegnene skal gi rammer og krav for korleis areala kan nyttast og utviklast.

Fase 3: Høyring og vedtak

Politisk handsaming, offentleg ettersyn, vurdering av merknader og motsegner, eventuell ny høyring og endeleg vedtak .

5.3 Medverknad

Sjå medverknadsplan i vedlegg.

Kva rolle har medverknad i kommuneplanen sin arealdel?

Medverknad handlar om at personar med forskjellige behov, interessar og synspunkt får moglegheit til å vere med å påverke beslutningar knytt til felleskapet eller ein sjølv. Medverknad i kommunen sine planprosessar dreiar seg i stor grad om å ta i vare behova og synspunkta til innbyggjarane og andre interessentar i lokalmiljøet, slik at kommunen heile tida utviklar seg i ei retning på lag med reelle og realistiske ønskjer og føresetnader. Det er ein avgjerande del av den kvalitative innsikta i ein planprosess og er lovfesta gjennom Plan og Bygningsloven, § 5-1. Medvirkning:

Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.

Medverknad er grunnleggande i eit velfungerande lokaldemokrati fordi det sikrar at ulike stemmer vert høyrt, og gir alle ein moglegheit til å påverke samfunnet vårt.

Kva er gjennomført så langt?

Som ein del av det forberedande arbeidet til planprogrammet, har ein gjennomført ulike aktivitetar for å sikre fagleg grunnlag og politisk og hos regionale styresmakter:

- *To politiske arbeidsverkstadar i samband med naturmangfaldsplanen:* I september 2025 drøfta dei folkevalde naturverdiar i Stad og behovet for meir kunnskap. I april 2026 var temaet natur i arealforvaltninga, der planutvalet mellom anna drøfta korleis ein kan bruke tiltakshierarkiet i arealplanlegging. Innspela vart nytta i naturmangfaldsplanen og er òg relevante for planprogrammet og det vidare arbeidet med arealdelen.

- *Regionalt planforum, september 2025:* Skissa til arbeidet med arealdelen vart presentert. Tilbakemeldinga frå Vestland fylkeskommunen var at skissa var i tråd med regionale føringar.

- *Politisk arbeidsverkstad om forventingar til planarbeidet, september 2026:* Planutvalet gav innspel til tema, medverknad og prosess. Dette har, saman med faglege vurderingar, danna grunnlaget for planlagde metodar som skissert her.

Ulike formar for medverknad og målgrupper

Medverknadsprosessen i kommuneplanen sin arealdel er tilpassa både dei formelle lovkrava og dei ulike målgruppene særleg relevante for dette arbeidet.

1. Politisk medverknad

(overordna prioriteringar og fokus)

Som premissgjevar er det avgjerande at politikken inntek ei tydeleg medverkande rolle i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Gjennom politiske arbeidsverkstad, handsaming, drøftingar og vedtak får dei folkevalde høve til å formidle lokale behov og interesser og påverke retninga på planarbeidet. Prosessen bidreg slik til demokratisk forankring av planen.

2. Samfunnsdialog

(tematisk og målgrupperetta)

Samfunnsdialog handlar om å forstå kva som er viktig for innbyggjarane i kommunen og på den måten sikre at den kvalita-


tive innsikta er så relevant som mogleg. Det vert gjennomført ein interessentanalyse for å kartlegge særleg viktige målgrupper som ein i arbeidet må nå ut til, i tillegg til dei formelle høyringsinstansane.

Sentrale tema

Kommuneplanen sin arealdel omhandlar omgjevnadene til alle som bur og har sitt virke i kommunen på ein rekke ulike vis som det kan vere krevjande å avgrense. Av den grunn er det i kapittel 4 beskrive 7 sentrale tema for planarbeidet, basert på prioriteringar i kommuneplanen sin samfunnsdel samt innspel frå politisk arbeidsverkstad i planutvalet. Vidare i planprosessen vil det leggast til rette for tematisk innhenting av innspel, der metode og arena for medverknad vert tilpassa ulike interessentar.

Geografisk involvering

Stad kommune er ein langstrakt kommune med livskraftige senter, bygder og grender i heile kommunen. I samanheng med kommunesamanslåinga i 2020 vart det gjennomført både stad- og næringsanalysar i dei forskjellige delane av kommunen. Desse vil bli gjennomgått og oppdatert, i samspel med bygdedialogmøter (digitalt og/eller fysisk) i utvalde områder.



Figur 7: Ulike formar for medverknad, eiga framstilling

Særleg prioriterte grupper

Kommunen har etter plan og bygningslova eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krevjar spesiell tilpassing, til dømes barn og unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. I den gjennomførte arbeidsverkstaden til planutvalet vart det også løfta fram som ei viktig prioritering. I denne samanhengen vil mellom anna eldreråd, ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne ha ein sentral rolle som bindeledd mellom politikken og dei samfunnsgruppene dei representerer.

3. Offentleg høyring og ettersyn *(lovpålagt medverknad)*

Den lovpålagde medverknaden omfattar:

Oppstart og høyring av planprogram

I høyringsfasen for planprogrammet ønskjer ein særleg innspel som bidreg til å sikre at vi har rett fokus i det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Høyring og offentleg ettersyn av planforslaget

I denne fasen blir planforslaget lagt ut til offentleg ettersyn. Innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar, nasjonal og regional mynde blir invitert til å uttale seg om planforslaget. Nasjonale og regionale styresmakter kan fremje motsegn dersom planforslaget ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til nasjonale eller vesentlege regionale interesser. Etter høyringsfasen vil alle innspel bli summert opp, og framlegg til eventuelle endringar vil bli lagt fram i politisk sak om endeleg godkjenning av planen.

Framdrift med bakgrunn i planprosessen

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er lagt opp i 3 faser som skissert under 5.2 Planprosess, der medverknad er integrert i dei ulike fasene.

Fase 1: Utarbeide planprogram
Informasjon om arbeidet, synleggjere utfordringar og innhente kunnskap om behov.
- Politisk medverknad (arbeidsverkstad planutval og politisk orientering)
- Offentleg høyring og ettersyn av planprogram (innsynsløysing)

Fase 2: Utarbeide planforslag
Innhente arealinnspel, drøfte moglegheiter og konsekvensar.
- Politisk medverknad (arbeidsverkstad og politisk orientering)
- Samfunnsdialog
  - Tematiske og målgrupperetta aktivitetar (digitale og fysiske dialogverkstad)
  - Arealinnspel

Fase 3: Høyring og vedtak
Sikre at alle får moglegheit til å uttale seg til planforslaget.
- Offentlig høyring og ettersyn av planforslag (innsynsløysing)

Korleis gjere medverknad engasjerande?

Medverknad skal vere enkelt og meiningsfylt
For å skape engasjement i ein medverknadsprosess er det grunnleggjande å formidle god, tydeleg og likeverdig informasjon ut til alle som skal delta, slik at ein byggjer ei felles forståing av føremål, moglegheiter og utfordringar. Stad kommune skal ha ein kommunikasjon rundt arbeidet som er lett å forstå og inviterer til dialog. Det vil bli utarbeidd ein kommunikasjonsplan som følgjer dei ulike fasane i prosjektet, og som tek omsyn til ulike målgrupper og arenaer for informasjon og involvering.

Heimeside
Kommunen sin nettside vil vere hovudkanal for informasjon ut til innbyggjarane om arbeidet. Det vil etablerast ein eigen side der ein kontinuerleg vil formidle status, lenke til aktuelle dokument, aktuelle informasjonsvideoar og kontaktinformasjon.

Digital innspelsløysing
Digitale innspelsløysingar som er brukarvennlege, effektive og engasjerande vert prioritert i medverknadsprosessen. Gjennom arbeidsverkstaden i planutvalet vart det løfta fram ønske om bruk av digitale verktøy i prosessen for både å nå ut til fleire, samstundes som det kan effektivisere arbeidet rundt dokumentasjon og analyse av innkomne innspel.

Politisk møterunde
Det vil leggast til rette for jamnlege politiske orienteringer i dei ordinære møterundene mens arbeidet pågår.


Sosiale media, lokale avisar og infoskjermar ved kommunale bygg
Formidling om milepælar, informasjonsvideoar, detaljar om korleis ein kan medverke.

Legge til rette for ulike stemmer
Innbyggjarar i alle alder og med ulike føresetnader skal kunne delta aktivt i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Digitale og fysiske arenaer har ulike fordeler og når ut til ulike målgrupper. Gjennom medverknadsprosessen vil det leggast til rette for involvering gjennom ulike arenaer tilpassa interessentar, føremål og steg i prosessen.

Ta innsikt på alvor
Medverknad tek tid og innsats. Ein viktig del av motivasjonen for å delta handlar om å sjå resultatet og kva innverknad dei ulike innspela har. Alle innspel har verdi, sjølv om ikkje alle inspel kan tas til følgje. Ved å dokumentere arbeidet og innspela sikrast ein sporbar og åpen prosess, og den kvalitative innsikten kan nyttast som kunnskapsgrunnlag i seinare arbeid. På denne måten kan medverknadsprosessen bidra til ein mer berekraftig og langsiktig kunnskapsbasert tilnærming til planarbeidet i kommunen.

5.4 Framdrift

Sjå framdriftsplan i vedlegg.



6. Ressursar og økonomi

Planarbeidet er estimert å krevje om lag 13 500 interne arbeidstimar fram til vedtak, tilsvarande om lag 8 årsverk samla. Ressursbehovet er estimert størst i 2027 og 2028, med eit samla behov på om lag 3–3,5 årsverk per år fordelt på prosjektorganisasjonen. Prosjektleiar og fagansvarleg for Plan og areal må ha særskilt avsett kapasitet til prosjektet.

Planarbeidet skal så langt som mogleg byggje på eksisterande kunnskapsgrunnlag og kompetanse i kommunen. For enkelte tema vil det likevel vere behov for å hente inn ekstern fagkompetanse eller gjennomføre supplerande utgreiingar for å sikre eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for vurderingane i arealdelen. Dette kan mellom anna gjelde naturfarekartlegging og analyse av næringsareal. Omfanget av eksterne utgreiingar vil bli konkretisert undervegs i planprosessen, og kan bli justert dersom det blir avdekkjer nye kunnskapsbehov i det vidare arbeidet. Det må derfor setjast av økonomiske midlar til kjøp av nødvendig fagkompetanse og utgreiingar gjennom planperioden.

7. Utgreiing og metode

7.1 Kunnskapsgrunnlag

Stad kommune har dei siste åra arbeidd systematisk med planverket og bygd opp mykje dokumentert kunnskap. Dette er eit viktig grunnlag for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (KPA). I tillegg vil regionale analysar og offentleg tilgjengelege data vere relevante i planarbeidet. Oversikta nedanfor viser relevant planverk og kunnskapsgrunnlag, men er ikkje uttømmande.

Prioritert tema	Eksisterande kunnskap	Ny kunnskap
Nærings- og reiselivutvikling	• Nordfjordeid - plangrep, fortettinganalyse og handelsanalyse • Handels- og næringsanalyse for Stad og Nordfjordeid (PDF, 4 MB) - Analyse frå 2024 • Masterplan Nordfjord – Merke for berekraftig reisemål • Masterplan for Nordfjord mot 2030 • Handlingsplan Nordfjord 2025-2028 • Kunnskapsgrunnlag hamn, 2024 • Tolegrenseanalyse Nordfjord 2023 • Verdiskaping i Stad – VLFK 2025 • Næringsstrategi • Strategi for reiseliv	• Næringsarealanalyse av eksisterande næringsareal, arealreservar og framtidige behov • Oppdatere kjerneområde landbruk • Kartleggje behovet for hamneareal, kaier, industrikaier, cruisekai, fiskeri- og havbruksverksemd og leverandørindustri
Sentrums- og bustadutvikling	• Strategisk plan for Nordfjordeid mot 2045 (PDF, 6 MB) • Skule- og idrettsområde konseptval • Skulestaden Nordfjordeid • Avgrensing av sentrumsområde for Nordfjordeid • Nordfjordeid - plangrep, fortettinganalyse og handelsanalyse • Stadanalyser Stad2020 • Bustadpolitisk handlingsplan • Folketalsutvikling • Regional analyse Telemarksforsking • Arealrekneskap Stad - VLFK • Strategi for stadutvikling • Kommunedelplan for oppvekst 2023–2035 • Kommunedelplan for helse og omsorg 2023–2035 • Bustadanalyse Stad, VLFK	• Oppdatere kunnskapsgrunnlag bustadsosial handlingsplan

Prioritert tema	Eksisterande kunnskap	Ny kunnskap
Infrastruktur og energi	• Invest in Fjordane – kraftsystemanalyse • Temaplan for VAO • Lokal transportplan • Investeringsbudsjett Stad kommune • Stattnett.no – Status for reservasjonar og kapasitetskø • Temaplan for klima	• Kraft og nettkapasitet behovs-kartlegging næringsliv og offent-leg sektor • Kapasitetsvurderingar for kommunale VA-anlegg • Oversikt over planlagde investe-ringar i teknisk infrastruktur
Samfunnstryggleik og beredskap	• Heilskapleg ROS-analyse • Faresonekart • Klimagassutslepp • Beredskapsplan helse og omsorg • Klimaprofil Stad kommune	• Naturfarekartlegging i utvalde område[2] • Klimarisikoanalyse
Naturforvaltning	• Temakart naturmiljø • Naturrekneskap, kjem i starten av 2027 • Temaplan for naturmangfald • Temaplan for klima • Arealrekneskap Stad, VLFK • Naturhefte – artar og naturtypar	
Kultur, kulturarv, friluftsliv og idrett	• Kartlegging av friluftslivområde • Plan for friluftslivet sine ferdselsårer • Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035 • Kommunedelplanane for kultur-arv Eid og Selje • Stad4000 • Temaplan for kultur 2023-2035 • Forvaltningsplan for Selja (under arbeid) • KULA-områda og UKL tilhøyrande landskapsverdiar • Formidlingsplan for UKL Stadlandet • oversikt over registrerte kultur-minne og kulturmiljø	
Strandsone	• Kartlegging av friluftslivområde • kunnskap om sjørelaterte næringar og utviklingsbehov • kunnskap om klimaendringar, havnivåstiging og stormflaum • Kunnskap om kulturmiljø i strandsona gjennom kulturarvplanane	• Kartlegging av eksisterande utbygging og arealbruk i strand-sona, funksjonell strandsone

[2] Behov for eksterne konsulenter

7.2 Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningslov, § 4-2, og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 krev at planprogrammet gjer greie for kva tema som skal utgreiast nærare i konsekvensutgreiinga for enkeltområde og for planen som heilskap, og kva alternativ som skal vurderast. Føremålet er å sikre ein føreseieleg planprosess og leggje til rette for at konsekvensutgreiinga konsentrerer seg om dei tema og problemstillingane som er relevante for den aktuelle arealbruken.

Konsekvensutgreiinga av enkeltområde skal belyse verknadene av konkrete arealendringar, medan utgreiinga av planen som heilskap skal vurdere dei samla konsekvensane av foreslått arealutvikling.

Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg kunnskap. Dersom det manglar informasjon om viktige forhold, skal kunnskapsgrunnlaget supplerast gjennom nye analysar, kartleggingar eller andre nødvendige utgreiingar.

Konsekvensane av arealbruken skal fastsettast i samsvar med rettleiaren til Miljødirektoratet M-1941, Veileder i samfunnsøkonomiske analyser | DFØ, Finansdepartementet: R-109/2021 Prinsipper og krav ved utarbeidelse av samfunnsøkonomiske analyser og rettleiaren til Vegvesenet V-712.

I forskrift om konsekvensutgreiingar § 21 går det frem kva tema som skal vurderast i konsekvensutgreiinga. For konsekvensutgreiing på eit overordna nivå, slik som i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, vurderer vi det som føremålstenleg å samle enkelte relevante utgreiingstema i større temagrupper:

«Et planprogram og en melding med forslag til utredningsprogram skal inneholde en beskrivelse av:

a. planen eller tiltaket, det berørte området og de problemstillingene som i den konkrete saken anses viktige for miljø og samfunn
b. forholdene som etter kapittel 5 skal utredes, og hvilke metoder som er tenkt benyttet for å skaffe nødvendig kunnskap
c. relevante og realistiske alternativer og hvordan disse skal vurderes i konsekvensutredningen
d. plan- eller søknadsprosessen, med frister i prosessen, deltakere og plan for medvirkning fra særlig berørte grupper og andre.

Planprogrammet eller meldingen skal også inneholde kart over det berørte området.»

(§ 14.Krav til innholdet i planprogram og melding med forslag til utredningsprogram, Forskrift om konsekvensutredninger)

Miljø:

- **Naturmangfald**
  Kjende artsverdiar og naturtypeverdiar, sannsyn for ukjende verdiar, samla belastning
- **Jordvern og bruk av naturressursar**
  Fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Skogbruk, fiske og mineralressursar
- **Landskap & estetikk**
  Natur- og kulturlandskap, nær- og fjernverknad, arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet, byggjeskikk
- **Vassmiljø & strandsone**
  Vassmiljø jf. vassforskrifta, naturverdiar i vatn, vassdrag og strandsona, Samla konsekvensar for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenn tilgjenge
- **Kulturminne & kulturmiljø**
  Kulturminne, kulturmiljø, arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet
- **Forureining**
  Utslepp/forureining, klimagassutslepp, støy, klima og miljø
- **Friluftsliv**
  Friluftsliv, tilgjengelegheit for alle, grønstruktur og nærmiljø

Samfunn:

- **Beredskap**
- **Bustad og næring**
  Bustadutvikling, arbeidsplassar, lokal verdiskaping, logistikk, ringverknadar, kommunale investeringar og utviklingsmoglegheitene for eksisterande verksemder
- **Transport**
  Trafikktryggleik og transportbehov
- **Teknisk infrastruktur**
  Tilknyting til offentleg veg, vatn, avlaup og straum, Energi og nettkapasitet, kapasitet på vegnettet
- **Folkehelse og idrett**
  Universell utforming, aldersvenleg lokalsamfunn, levande bygder og levedyktige lokalsamfunn.
- **Barn og unge sine oppvekstvilkår**
  Kapasitet i skule og barnehage, bu-kvalitetar, nærmiljø og møteplassar, nærleik til daglege funksjonar, mobilitet, trafikktryggleik

7.3 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommunen har ansvar for at tryggleiken til innbyggarane og samfunnet vert ivareteken gjennom arealplanlegginga. Derfor skal det gjennomførast ein ROS-analyse av arealbruk der vi vurderer risiko som naturfarar, flaum, skred eller havnivåstiging. Ein slik analyse vert gjort for å vurdera om område eignar seg for utbygging, eller om det er risikofaktorar vi må ta særleg omsyn til ved gjennomføringa av sjølve utbygginga. I tillegg til risikoen i dei einskilde utbyggingsområda skal vi vurdera kva risiko ei utbygging utløyser andre plassar i kommunen, til dømes ved auka trafikk eller endra vassvegar.

ROS-analysen skal gjerast i samsvar med rettleiaren til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).

7.4 Arealrekneskap

Arealrekneskap gjev oss oversikt over kommunen sine areal i form av faktisk og planlagt arealbruk. Vi nyttar arealrekneskapen som Vestland fylkeskommunen har utarbeidd for kommunane i Vestland. Her får vi fram kor store areal som er planlagt for utbygging i gjelande planar, og dette kan sjåast som eit arealbudsjett for planreserven i kommunen. Oversikta viser kor mykje areal som er planlagt utbygd.

Vi skal nytte arealrekneskapen som eit verktøy til å vurdere totale arealbruk. Når vi lagar utkast til ny arealdel vil vi sjå på kva det inneber av endra arealbruk samanlikna med dagens situasjon, altså samanlikna med areal vi har teke i bruk og bygd på. Vidare vil vi bruka arealrekneskapen til å vurdere skilnaden mellom arealbruk i ny arealdel samanlikna med gjeldande planar.

7.5 Naturrekneskap

Eit kommunalt naturrekneskap skal gi oversikt over naturen i kommunen, mellom anna utbreiinga, økosystemtenestene, tilstanden til ulike økosystem og korleis naturen endrar seg over tid. Naturrekneskapen skal gi eit betre kunnskapsgrunnlag for arealplanlegginga og bidra til meir informerte vurderingar av korleis framtidig arealbruk kan påverke naturverdiar. Miljødirektoratet arbeider med å utvikle kommunale naturrekneskap, og målet er at alle kommunar skal få tilbod om ein første versjon ved årsskiftet 2026/2027, saman med rettleiing for korleis rekneskapen kan nyttast og vidareutviklast.

7.6 Kommunedelplan for naturmangfald

Kommunedelplan for naturmangfald er ein langsiktig plan for naturmangfaldet i kommunen. Planen skal sikre at naturen blir forvalta på ein god måte og gjennom dette bidra til å stanse tap av naturmangfald. Gjennom naturmangfaldplanen er kunnskapen om naturmangfaldet samla og systematisert, slik at fleire får kjennskap til kva verdiar som finnast. Planen bidrar også til å løfte fram naturområde som har verdi lokalt og som ikkje nødvendigvis er synlege i offentlege databasar frå før.

Planen skal også fungere som eit viktig kunnskapsgrunnlag til meir grundige interessevurderingar som skal gjerast i kommande arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel. «Temakart naturmiljø» som er ein del av naturmangfaldplanen skal nyttast i lokal forvaltning og arealplanlegging, og naturmiljøa som er teikna inn i kartet er tenkt nyttast som omsynssone for naturmiljø KPA. Dette gjerast for å sikre omsynet til viktige naturmiljø og samanhengen mellom desse.

Stad kommune

Eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag

stad.kommune.no

Foto forside: Visit Nordfjord/Dag Ulvedal
Foto innside: Stad kommune, Visit Nordfjord, SaltnWax, Dag Ulvedal, Ulf Amundsen.